



Harald Dag Jølle, forfatter og historikar ved Norsk Polarinstitutt, skriv om turar, utstyr og turbøker for Dag og Tid.

# FRILUFTSLIV

## Yttersida



Kajakken og havet. På yttersida av Grøtøya i Troms. Foto: Stein P. Aasheim

### TUREN

Eg er nett komen i land og er framleis høg på den låge horisonten. For han er det på yttersida, der havet går over til himmel ein stad langt, langt der ute.

Det er seinsumar. Me rundar nordsida av Grøtøya. Dei bratte liene er irrgroene, og dei kvasse berga verkar kolsvarte i møte med sjøspruten. Me har god flyt med straumen; sola i augo og

brisen i ryggen. Men på det ytste neset, der tidvatnet møter bølgen frå storhavet, kokar det plutselig rundt oss. Det er eit oppgjer mellom dei to naturkrefte, og medan me balanserer oss varsamt igjennom slagmarka i to spinkle farkostar, er det vanskeleg å sjå kven av dei som vinn kampen.

Sjøen legg seg raskt, og me kan igjen sugе inntrykk. Filosofen Anton Myhra sa ein gong at sjela ikkje kunne flytte seg ras-

kare enn seksten knop – same farten som Hurtigruta. Ein kunne godt ta eit fly, meinte han, men det tok tid før sjela kom diltande etter. Eg ser ut mot Sørfugløya. Eit alpint kremmarhus som stikk rett opp av sjøen, nærast som det skulle vore teikna i eit Donald-blad. Seksten knop høyrer for mykje ut, tenkjer eg, medan me sig sørover Grøtøya, forbi den eine kvite stranda etter den neste.

Me er så langt nordvest ein kan kome i dette landet, men har

slått telt ved ei sandstrand som kunne ha vore heimehøyrande under heilt andre breiddegrader – i heilt andre verdshav.

– For ein plass!, seier min røynde turkamerat, – eg har aldri sett maken.

Høgstemde ser me sola nærme seg havet. Og eg tenkjer på noko Fridtjof Nansen skreiv etter å ha segla gjennom desse farvatna på veg til Svalbard i 1912. Han var oppglødd av ein landsdel med fjell og hav og vedunderlege lyse

netter. Han såg havet som ein «vuggende blank silkeblå drøm», med sola hengande som ei «kule av smeltet kobber over havbrynet langt der ute». «Ord blir bleke», innrømte Nansen, då han skulle setje inntrykka på papir, før han kom med ei vedkjenning det er lett å vere samd i – også hundre år seinare: «Nei, en får aldrig se nokk av denne eventyr-verden, alltid overveldende, i storm som i stille. – Den veldigste diktning i fjell og hav.»

## peakbook.org

### NETTSTADEN

Ønskjer du å registrere kva du har gjort i fjellet – kor mange toppar du har vore på og kor mange høgdemeter du har gått? Eller vil skrive litt frå kvar tur og leggje ut eit bilete? Eller er du mest interessert i å sjå kva andre gjer? Her kan du samstundes finne ut kor

mange fjell på over 100 meter som finst i din kommune. Eller til dømes kor mange toppar i Finnmark som strekkjer seg over tusenmetergrensa. På peakbook.org er det kort sagt lister, kart og registreringar for ein kvar fjellnerd. Eg vart nettopp brukar nummer 3597.

## Varmt bad på tur?

### NYTT TURUTSTYR

Den amerikanske campingturmarknaden sluttar aldri å imponere. Kva med ein badestamp du kan pakke saman og ta med på



tur? Det er rett nok berre dei aller største av oss som vil tenkje på å putte han i sekken. Eg trur heller ikkje så mange vil ha han med pulken, men skal du på fisketur, får han greitt plass i båten. Stampen tek 850 liter vatn, har ein diameter på 1,5 meter og er 60 cm høg. På reklamen sit fire vaksne i den. Samanpakka ligg han i ein bag som måler 40 gonger 40 cm og veg 9 kilo. Men så kjem omnen. Den veg nesten 14 kilo og er 20 gonger 35 cm.

Den kan fyrast med både ved og propan, og produsenten påstår at du kan varme vatnet frå 10 til 38 grader på om lag ein time. Dei rår òg til at du tek med ei elektrisk vasspumpe. Naturleg nok. Eg veit ikkje om dette kjem til å slå godt an i Noreg, men kanskje ein og anna laksefiskar finn det freistande med eit varmt bad ved elvekanten? I så fall kostar stamp og omn om lag 7500 kroner på nettstaden <http://theoriginalnomad.com>.

# Olav Kjelbotn 1898–1966

## BIOGRAFIEN

Han var noregsmeister på ski, men er i dag kanskje like kjend for å ha sykla på eit isflak i Antarktis. Kjelbotn var gardsgut frå Fosen. Han vann 30 kilometer i NM på Voss i 1924 og vart den fyrste nordmannen som tok ein VM-medalje på ski då han fekk bronse på femmila i Lahti i 1926. Same år vann han femmila i Holmenkollen. Frå 1929 til 1931 var han med Norges Svalbard- og Ishavsundersøkelser på ein okkupasjonsekspedisjon til Aust-Grønland. Ved Kapp Humboldt vart det mellom anna reist ei hytte oppkalla etter den namngjetne idrettsmannen. Mellom grønlandsfararane heitte det at Kjelbotn var god med hammar og spikar, men ein forferdeleg dårleg kokk. Dessutan togg han skrå som ein gris. Kor som alt var, imponerte han alle då han i meterhøg djupsnø i stummande mørke gjekk sju mil på 32 timar for å feire jul i Myggbukta.

I 1932 var den eventyrlystne idrettsmannen på veg sørover. Saman med Hallvard Devold skulle han vere med på Hjalmar Riiser-Larsens forsøk på å gå langs kysten av Antarktis med hundespenn, frå Enderby Land til Weddellhavet. Men naturkreftene var ikkje heilt samarbeidsviljuge. Alt fyrste natta etter utstyret var lossa, braut isen opp. Dei tre karane dreiv til havs på eit isflak som vart mindre og mindre. Utstyr og hundane hamna på sjøen og forsvann. «En forferdelig



Skilauparen og eventyraren Olav Kjelbotn (t.h.) på Aust-Grønland saman med John Gæver.

kamp for livet», ifylgje avisene i samtida. Men her vart kjempekreftene til skilauparen avgjerande. Radiosambandet nytta ein ergometersykkel for å få straum.

Så medan Devold sat med morsen, tråkka Kjelbotn for livet, bokstaveleg tala. Til slutt fanga eit kvalfangarskip opp signala og berga dei.

## SITATET


«Vi kjente to slags rus: julegaver som var tunge og firkantede – og så den sødmefylgte rædsel på kanten av stupet. Der gjaldt det å våge sig så langt utpå at man i ånd og sandhet kunde si 'dæven søkke' før man krøp tilbake med avgrunden gispande op gjennom ryggraden.»

Peter Wessel Zapffe

## 832 toppar

### REKORDEN

Det starta i 2006. Lise Innerdal og Otto Teksum Lund fekk sjå ei liste over det høgaste punktet i kvar av Noregs 432 kommunar. 50.000 km og 300.000 høgdemeter seinare stod dei på toppen av Trænstaven i Træna. Men dei slo seg ikkje til ro med denne bragda. Kvifor ikkje gå på toppen av alle dei fire hundre øyane langs kysten som har ein topp på over 100 meter? Eg kan knapt førestelle meg den logistiske utfordringa med eit slikt prosjekt, men i løpet av seks år hadde dei to hatt imponerande 832 norske toppar under skosolane.



Inger Lise Innerdal på toppen av Røst. Foto: Otto Teksum Lund

## Sjølvpålagde lidningar i grisgrendte strok

Odd Eliassen hevar flagget som første nordmann på Mount Everest i 1985. Nordmennene var den siste ekspedisjonen som var åleine på Everest. Etter dette året opna Nepal fjellet for alle som ville – og betalte. Verdas høgaste fjell blei aldri det same.

Sist vår omkom seksten sherpaer i den største ulukka på Everest nokon gong. Etter dette er det teke til orde for å bruke helikopter over det utsette partiet i starten av ruta. Ved å starte klatringa 1000 meter over base camp kan ein hoppe over heile den farlege Khumbubreen. Det kan nok gjere turane dyrare, men til gjengjeld reduserer det tida på fjellet. Ettersom det er tid og ikkje pengar som er mangelvare for dagens Everest-klatrarar, skulle ikkje det by på problem.

Men kvifor ikkje like gjerne fly litt lenger når ein først er i gang? Kvifor ikkje lande endå høgare på fjellet? På det viset kan ein spare endå meir tid og framleis nå toppen av Everest.

Det er vel ikkje verre å starte ei klatring av Mount Everest i den siste bakken enn det er å starte ein skitur til Sørpolen på siste breiddegrad? Det heiter jo det same same kva om du



går i tre dagar eller tretti dagar: «Å gå på ski til Sørpolen».

Om ein klatrar opp på Everest frå 5000, 6000 eller 8000 moh, så kan ein i alle fall seie det same etterpå: «Eg

har klatra Mt. Everest». Eventyret, spenninga og utfordringa med å våge seg ut i ukjent terreng har jo uansett ingen ting med dette å gjere lenger.

Ein lagar dei rekordane ein vil. Er

det eigentleg nokon som bryr seg lenger?

STEIN P. AASHEIM